



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
20.03.2013
Dykkar dato
08.02.2013

Vår referanse
2013/2255 542.0
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Når er nok nok? Merknader til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Fylkesmannen har konstatert at situasjonen for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden er kritisk og har vore det sidan prosessen med produksjonsavgrensing i Hardangerfjorden tok til i 2006. Framlegget til forskrift for nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden har som mål å få fram ei berekraftig havbruksnæring, men vi saknar konkretiserte miljømål for dei skisserte tiltaka. For bestandane av vill laksefisk i Hardangerfjorden kan vi ikkje sjå at forskrifta vil føre til ein betring av dagens situasjon.


Vi viser til høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet datert 8. mars 2013.

Fylkesmannen si rolle i saka til no

Spørsmålet om trong for særskilt forvaltningsregime for oppdrettsnæringa i Hardangerfjorden kom etter eit felles brev frå Fylkesmannen i Hordaland og Fiskeridirektoratet Region Vest datert 31. juli 2006. Begge etatane var uroa for situasjonen for villaks og sjøaure i Hardanger. Det vart laga eit framlegg til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. I Fylkesmannen sitt høyringsnotat datert 17. november 2009 skreiv vi at ei produksjon på 50.000 tonn i Hardangerfjorden ikkje kan karakteriserast som berekraftig. *«Produksjonsgrensen må settes lavere enn dagens nivå, og konkrete miljømål må beskrives i forskriften.»* Vi held fast ved denne konklusjonen og innhaldet i høyringsnotatet. Dette ligg ved denne høyringa.

Akvakultur i Hordaland

Hordaland har den høgaste akvakulturproduksjonen i landet målt som produsert mengd fisk i høve til storleiken på sjøarealet innafor grunnlinja.



Figur 1: Produksjonen av laks og aure i 2011 målt som kg produsert fisk pr km². Figuren er henta frå www.miljostatus.no.

Akvakulturproduksjonen i Hardangerfjorden har i mange år vore stor, og det blir sagt at dette er den tettaste akvakulturproduksjonen av laks og aure i verda. Samstundes står det svært dårlig til med bestandane av villaks og sjøaure. Situasjonen for villaks er kritisk. Av 10 villaksbestandar i Hardangerfjorden er i dag 8 stengt for fiske, ingen av desse oppnår gytebestandsmålet. Òg for sjøaurebestandane er situasjonen kritisk, her er alle bestandane i midtre Hardanger stengt for fiske. Det kan vera fleire faktorar som har bidrege til denne situasjonen, men av dei viktigaste er rømt oppdrettsfisk og lakselus.

Framlegg til forskrift

Då Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet Region Vest sendte bekymringsmeldinga i 2006, var den maksimale ståande biomassen i Hardangerfjorden om lag 46.000 tonn. Sidan har denne auka til 57.000 tonn, medan «frysforslaget» er 50.000 tonn. Problema med lus og rømming av laks er kopla til kor mykje fisk som står i merdane i sjøen til ei var tid. Eit frysvedtak er i seg sjølv inga løysing på problemet.

Fiskeridepartementet har sett ein nullvisjon for rømming av oppdrettslaks. I høyringsnotatet kjem det fram at det var ingen rapporterte rømmingar i Hardangerfjorden i 2012. Vi har kjennskap til at det var hendingar med urapportert rømming i 2012, det er ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til urapporterte hendingar i forskrifta. Etter vårt syn er det lite tenleg å operere berre med rapporterte rømmingar. Det bør gjennomførast årlege gytefisktelingar i vassdraga og uttak av oppdrettslaks i samband med tellinga. Eit slikt prosjekt er allereie på plass gjennom pilotprosjekt Hardangerfjord, eit samarbeid mellom forvaltning, oppdrettsnæring og villfiskinteresser. Det ligg difor til rette for å gjere dette til ein permanent ordning.

Problema villfisken har med lakselus er kopla til kor mykje lus det totalt sett finst i oppdrettsanlegga. Sjølv svært låge tal lus pr fisk i anlegga gjev eit svært høgt infeksjonspress på villfisk. Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2012 gjennomført av Havforskningsinstituttet syner at brakkleggingssonen i Mattilsynet si soneforskrift er for små med tanke på å redusere infeksjonspresset av lakselus. Straumane i fjorden frakter lus over store avstandar.

Sumverknad av soneforskrift og Hardangerfjordforskrift vil ikkje vera tilstrekkeleg til å redusere infeksjonspresset av lakselus til eit berekraftig nivå for villfisk i Hardangerfjorden.

Forskrifta opnar i § 5 og 7 for unntak for anlegg som held seg til vilkåra som gjeld for lakselus i tildelingsrunden 2013 («grøne konsesjonar»). Vi meiner at å gje opning på denne måten i høve til mengd lus i anlegga er i motstrid til den kunnskapen som Havforskningsinstituttet har kome fram til.

Forskrifta legg opp til å etablere ein genbank for bestandar av villlaks og sjøaure i Hardangerfjorden. Dette er etter vårt syn riktig og eit heilt naudsynt tiltak.

Utviklingstrekk for laksenæringa

Den generelle utviklinga av næringa dei siste åra går eintydig i retning av overgang til plastringar som har langt større nøter og som kan lokaliserast i opnare farvatn, og følgjeleg med høgare produksjonen på lokaliteten. Utviklinga i Hordland har ikkje vore like markert som i andre fylke, her er få anlegg med MTB over 4.000 tonn. I Hardangerfjorden og er det mange stålanlegg som blir skifta ut med plastringar. Argumenta for er at dette skal vere betre for miljøet under anlegget og skal gje betre fiskevelferd.

Desse utviklingstrekk ser vi og i Hardangerfjorden. Fylkesmannen i Hordland har registrert at det er oppdrettssanlegga lokalisert lengst inn i fjordane våre som har den dårlegaste miljøtilstanden. I 2012 var det 11 anlegg i Hardangerfjorden som fekk miljøtilstand 3 eller 4 (8 anlegg med tilstandsklasse 3 «dårleg» og 3 anlegg med tilstandsklasse 4 «uakseptabel»). Desse anlegga bør redusere produksjonen for å halde seg innafor dei krava som er sett til miljøforsvarleg drift. Heller enn å redusere alle konsesjonar flatt, kan det vurderast å ta ei større reduksjon på dei lokalitetane som har synt lågast produksjonsevne.

Med helsing

Kjell Kvingedal
seksjonsleiar

Tom N. Pedersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	Oslo
Klima- og forurensningsdirektoratet	Postboks 8100 Dep	0032	OSLO